



Magne Møvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/403 - 14/10389

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

30.06.2014

Orientering om status i byggesak - søknad om oppføring av garasje i fellesanlegg på gbnr. 23/ 180 frå eigar av gbnr. 23/295 i Meland kommune

Eg viser til vår telefonsamtale av 27. dm., som i hovudsak vert referert som følgjer:

Den 24.1.2014 mottok kommunen ein søknad frå dykk om løyve til oppføring av garasje i felles parkeringsanlegg på gbnr. 23/180.

Gjennom mottekne nabomerknadar frå Frekhaugmarka vel v/ leder Mabel Johansen er det prinsipalt hevda at dykkar rett til parkeringsplass i fellesanlegget gjekk tapt den gongen du oppførte garasje/carport på di eiga tomt, subsidiært at oppføring av ny garasje i fellesanlegget må plasserast på eit anna sted i fellesanlegget enn kva som er omsøkt, jf. e-post frå velforeininga av 12.2.2014.

Kommunen har førebels ikkje tatt endeleg stilling til merknadane frå velforeiningen, men vurderar det uansett som ein klar føremon dersom dei av deltakarane i velforeininga som har rett til parkering i felles parkeringsanlegg kjem til semje om kvar den einskilde brukar skal kunne oppføre eigen garasje. I vår telefonsamtale av 12.5.2014 opplyste eg i den samanheng m.a. følgjande:

På bakgrunn av mottatt søknad og innkome nabomerknadar var kommunen på synfaring på staden den 12.5.2014. Til stades var planansvarleg Hans Kristian Dolmen og byggjesaksansvarleg Bjarte Buanes (underteikna). Synfaringa avdekte at den omsøkte plasseringa av dykkar garasje – lengst nord i den eksisterande, austlege garasjerekka – truleg kjem i konflikt med m.a. etablert tilkomstvei og ein kommunal kum nordaust for dagens garasjerekke. Ein ny garasje i dette anlegget bør difor i staden vurderast plassert lengst syd i ei av dei to eksisterande garasjerekkene. Frå samtalen har eg notert at du ikkje hadde nokre merknadar til ei slik omplassering, ettersom ei handsaming av dykkar søknad om byggjeløyve – slik søknaden i dag ligg føre – truleg vil måtte resultere i eit avslag.

Som følgje av ein noko pressa parkeringssituasjon i Frekhaugmarka dei seinare år har velforeininga bede kommunen om eit møte for ei prinsipiell avklåring i høve til m.a. fellesanlegga. Kommuneadministrasjonen

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

vil etter sommerferien innkalle velforeininga til et slikt møte, og det vil i den samanheng vere naturleg å òg søkje å oppnå semje eller avklåring i høve til dykkar sak.

På bakgrunn av våre telefonsamtaler av høvesvis 12. mai og 27. juni d.å. legg eg til grunn at at du er samd i at kommunen i første omgang inviterer velforeininga til et møte for å avklåre parkeringssituasjonen i Frekhaugmarka, og at eg deretter kontaktar deg i høve til den vidare handsaminga av dykkar søknad. Du står sjølvstøtt fritt til likevel å søke om ei anna plassering av garasjen – i samsvar med gjennomgangen over – og dertil be om at saka vert tatt opp til handsaming, uavhengig av kommunen sitt møte med velforeiningen. Du treng i så fall ikkje sende inn ein ny, komplett søknad, men du må uansett teikne den nye plasseringa inn i eit målestokkhaldig situasjonskart og deretter nabovarsle den nye plasseringa.

Ta kontakt med underteikna sakshandsamar dersom du har spørsmål eller merknadar til gjennomgangen over.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

